Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Heddal

Emne: Veving — Bygdelag: —

Oppskr. av: Joh. Sveitan — Gard: Sveitan

(adresse): Tinnegrend st. — G.nr. 51 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Samråd med Anne H. Kasin 80 aar, Tinnegrend st.

SVAR

1 Det som vart vode her vart fyrst og fremst vadmel, 4 skaft, til klær for karar, Jakke, vest og buksur. Ved denne vevemåte trædde dei 2 ulltraar i millom kvar spil i skeia, og tro ned 2 traaar i gorngen. Bredda på denne voven var 5/4 alen, eller umlag 80 cm. Lengda var gjerne ettersom renninga var lang.

2. Vrken til kvinneklær, tunnare enn vadmel 1 traad i skeia og 1 traa ned um gorngen. Bredda umlag som vadmel. Vrken brukka dei til stakkar og utapaa tröjur til kvardags. Til helg var tröjurne av svart klæde, eller eldre av raudt ulltöy. —

3 Langt attende sådde dei lin, spann og vov av den til undertöi og borddukar, håndklæ. Eg har ein gamal, fin linduk her, der linet er vokse paa Ramberg g 49 br 2, spunne og vove av min mor søster faste J Strand. Den er 77 cm breid - i 2 d = 154 cm lengde 150 cm Den er fraa 1875 aara. Til slike tunne vevar som til overklær måtte dei sjølsagt ha tunn traa og fin skei til renninga. Arbeid med lin var ein heil prosess. —
Røytehalet og Tinnstaa her.

8815

II

4.5.6-7-8. Ullskjell - ullteppe - vart jamt vove og kunne det paa kvar gards loft henge lange rekkjur paa fine aopussa grankaatur oppe under taket. Her ligg att nokre av desse med ymse mynster, blaa og raue striper paa kvit 72 cm bredde, dobbelt bredde 144 cm. Laken og putevar vart og laga av lin inntil lerret kom i handelen i 1880-90 aara. Her er eit eldgamalt teppe av ull i brune svarte og kvite mynster, storleik, bredde 60 cm lengde 185 cm. Eg hev høyrt at slike teppe vart lagde over likkistune i gamal tid og lenge før kransar kom paa mote. Her vart dei gillaste vevane kalla oppstad-vever, truleg for dei var høge og stod oppe, i motsetnad til nokre mindre som var laagare. —
Naemna var jamnast etter tøiet: Vadmelsveving, Verkensveving, Sengetøiveving, Dukveving osb.—
Kunstveving kjenner ein mindre til her.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8815